



*Tekst & musikk*

**FREDDIE  
LANGRIND**

*Feiring  
og oppstuss!*

*Det dansast  
og syngast!*

*Her trengst  
ein koreograf!*

## LEIK PÅ SOMMARVOLLEN

No er det opptakt på sommarvollen  
og skire draumar i morgonleitet  
og sola syng over saftig beite  
og vi er signa fordi vi er!  
No spelar livet, og vi vil danse!

Ja, vi vil sveipe dei svarte skuggar  
og blå demonar og anna skrekk,  
og drive vondskapen ut i sola  
og feie han vekk,  
og rive ned alle kalde sperrer  
som tok sitt sete i våre sinn  
og reie grunnen for andre tider  
og opne vår grind -

for denne opptakt på sommarvollen  
og skire draumar i morgonleitet  
og sol som syng over saftig beite,  
og vi er signa fordi vi er!  
No spelar livet, og vi vil danse! Tra-la-la ....

No er det opptakt på sommarvollen  
og skire draumar i morgonleitet  
og sola syng over saftig beite  
og vi er signa fordi vi er!  
No spelar livet, og vi vil danse!

Ja, vi vil sveipe dei svarte skuggar  
og blå demonar og anna skrekk,  
og drive vondskapen ut i sola  
og feie han vekk,  
og rive ned alle kalde sperrer  
som tok sitt sete i våre sinn  
og reie grunnen for andre tider  
og opne vår grind -

for denne opptakt på sommarvollen  
og skire draumar i morgonleitet  
og sol som syng over saftig beite,  
og vi er signa fordi vi er!  
No spelar livet, og vi vil danse! Tra-la-la ....